

Terje Drengenes  
Hardbakke 47  
6924 HARDBAKKE

Referanser:  
Dykker: 301d28f0-46f2-4132-b334-  
4395c575a13f  
Vår: 21/6178 - 21/49629

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
09.07.2021

## KV 2163 til eiendommen gbnr 325 /11 Fosse - Søknad om flytting av avkjørsel

**Tiltak:** Søknad om flytting av eksisterande avkjørsle, samt endra bruk av denne  
**Byggestad:** Fosse 155 – Gbnr 325/11  
**Tiltakshavar:** Aud Sølv Fosse  
**Ansvarleg søker:** Terje Drengenes

Saka gjeldt søknad om løyve til å flytte avkjørsla fra kommunal veg datert 30.06.2021.  
Søknaden gjeld og utvida bruk av avkjørsle i samband med etablering av landbruksveg.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Føretaket har i sak 781/20 fått løyve til å bygge landbruksveg. For å få ei grei og trygg avkjørsle etter krava vert eksisterande avkjørsle flytta 4 meter lenger nord enn noverande plassering. Avkjørsle er tilkomstveg til Gbnr 325/93. Eigar av gbnr 325/93 vart nabovarsla i vegsaka og vi vil ha dialog under arbeidet. Siktkrav på 4 x 45 meter vert godt ivaretake i begge retningar. Avkjørsle vil ved ny plassering verte etablert mest mogleg vinkelrett på kommunevegen og ha hjørneavrunding med svingradius på minimum r = 4 meter. Det vert etablert god snuplass inne på landbruksvegen. Avkjørsla vil få betre utforming og sikt enn dagen situasjon.

Avkjørsle skal være felles for Gbnr 325/11 og 325/93.

#### Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som eitfeltsveg med to kjøreretninger. Vegen er skilta med særskilt fartsgrense 50km/t. Eksisterande avkjørsle er etablert skått på communal veg. Avkjørsla har dårleg sikt i ein retning og kjøretøy som kjem ut av denne kjem brått på dei som ferdast i og langs kommunevegen. Ei flytting av avkjørsle lenger nord vil betre sikt i avkjørsle. Avkjørsle skal også leggast mest mogleg vinkelrett på communal veg. Dette vil gje ei betre og tryggare avkjørsle.

Kommunal veg er skuleveg for barn som bur i området. Sagstad skule som ligg eit stykke nedom avkjørsla.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00    www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922



#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn der forsvarleg å gje løyve til flytting av eksisterande avkjørsle, og endra bruk av denne, på vilkår.

#### **Vedtak:**

Kommune gjev løyve til flytting av avkjørsle frå kommunal veg, samt endra bruk av denne, med heimel i veglova §§ 40 til 43.

#### **Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:**

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegenormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Avkjørsle skal flyttast minst 4 meter lenger nord. Plassering skal være slik at minste krav til sikt vert stetta. Miste krav til sikt ved fartsgrense 50 km/t er satt til 4 x 45 meter.

- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt veginnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Svingradius i avkjørsla er satt til minimum  $r = 4$  meter. Avkjørsla skal etablerast mest mogleg vinkelrett på kommunevegen.
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret. Dreneringsrør skal være kjøresterk.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkørysle er å finne på kommunen si heimeside: [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Vedtaket gjeld avkøyringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må hove til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4. ledd.

### Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Terje Drengenes

Hardbakke 47

6924

HARDBAKKE